



A dark blue vertical bar runs down the left side of the page. A blue arrow points to the right from this bar, containing the date.

01.03.2025

Årsrapport 2024

Kommunalt avløpstilsyn og
vassforvaltning

Several thin, curved lines in dark blue and light grey originate from the bottom left corner and sweep upwards and to the right.

Glen Arvid Valstad
KAV - HALLINGDAL

Innhald

1	Innleiing	2
1.1	Tilsette	2
1.2	Lokal forskrift	3
1.3	Helse, miljø og sikkerheit	3
1.4	Kompetanseutvikling	4
1.5	Fokusområde	4
2	Program/digitale verktøy	5
2.1	Komtek	5
2.2	Kommunekart Proff	5
2.3	Elements	5
2.4	Endringar	5
3	Tilstand på avløpsanlegg	6
4	Målsetting.....	7
4.1	Måla for 2024.....	7
4.2	Måla for 2025.....	8
5	Slamtømming	8
6	Tilsyn og søknadsbehandling.....	9
6.1	Søknadsbehandling	9
7	Tilsyn og kartlegging.....	10
7.1	Tilsyn med spreidd avløp	10
7.2	Bakgrunn for tilsyn og kartlegging	10
8	Budsjett og rekneskap	11
8.1	Gebysatsar	11
8.2	Budsjett og rekneskap 2024.....	12
8.3	Budsjett 2025	13
8.4	Fondsoversikt.....	14
8.4.1	Saksbehandling	14
8.4.2	Tilsyn	14
8.5	Faktura	16
9	Informasjon	16
9.1	Varsel og rapportering	16
10	Oppsummering.....	17
11	Sluttkommentar	18

I vertskommuneavtala som regulerer samarbeidet pkt. 7 står det at vertskommuna avlegg årsrapport og rekneskap til deltakarkommunane. I årsrapporten gjer me greie for arbeidet til KAV i 2024, legg fram planar for 2025 og presenterer ei oversikt over budsjettresultatet for 2024.

1 Innleiing

Gjennom eit forprosjekt vart det vurdert moglegheita for samarbeid på tvers av kommunane for å oppfylle krava til sakshandsaming og tilsyn på spreidd avløp. Då forprosjektet var ferdig, vedtok fem kommunar – Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå og Ål – å gå saman om eit samarbeid. Ål kommune vart valt som vertskommune, og kontoret *Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning* (KAV) vart etablert på Torpomoen, som hadde eigna lokale og ei sentral plassering i høve til arbeidet med opprydding i spreidd avløp.

I samsvar med vertskommuneavtala har kontoret følgjande hovudoppgåver:

1. Utreiing, planlegging, kartlegging og tilsyn av spreidd avløp under 2000PE
2. Myndeutøving innanfor KAV sitt fagområde, forureiningslova samt plan- og bygningslova
3. Ansvar for ny kontrakt på slamanbodet (oppstart 01.03.2023)
4. Prosesshandlingar
5. Publikumskontakt
6. Arbeid som naturleg høyrer inn under avtala sitt verkeområde
7. Oppfølging av Vassdirektivet

Teknisk Leiarforum (TLF) har uttalerett i saker av særleg betyding for alle kommunane, mellom anna fastsetjing av budsjett. Kontorleiaren har møte rett i TLF og rapporterer dit.

Avtala slår òg fast at det skal vera ein kontaktperson frå kontoret til kvar av deltakarkommunane. Det er fastsett kven ved kontoret som har ansvar for den einskilde kommunen, og denne informasjonen er vidareformidla til kommunane. Oversikta ligg òg tilgjengeleg på KAV si heimeside: [KAV Hallingdal - Ål kommune](#).

1.1 Tilsette

I 2024 har me hatt utfordringar med å ha tilsette i Nesbyen og Flå. Den tilsette som har hatt ansvar for desse kommunane dei siste åra, gjekk av med pensjon i mai. Prosessen med ny tilsetting tek alltid lenger tid enn oppseiingstida, og dette førte til eit tomrom som måtte fyllast. Dette har sjølv sagt gått utover tida til dei resterande tilsette, som har måtta ta seg av saksbehandling og tilsyn for kommunen.

Me fekk på plass ein ny tilsett i august, men vedkomande valde å ikkje fortsetje etter end prøvetid. Bakgrunnen for dette var at det vart ei open fast stilling hos den tidlegare arbeidsgivaren. Dermed har det vore eit år med mykje opplæring og lite kontinuitet i Nesbyen og Flå

Me ser at ei 50 % stilling i Ål og Hemsedal for saksbehandling og tilsyn ikkje er optimalt, og at det tidvis fører til ei svært stor belastning på dei tilsette som får mange saker. Difor lyste me ut to nye stillingar på slutten av 2024, ein tek over for Nesbyen og Flå. Samt ein som skal bidra inn i Hemsedal og Ål. I januar 2025 fekk me på plass to nye tilsette som startar i mai 2025.

Ein av stillingane skal også arbeide med opprydding i oljeutskiljarar (kap. 15) og få på plass ein god oversikt over alle anlegg i kommunane. Me har òg som mål å innføre tilsynsgebyr for desse anlegga.

Vassområdekoordinatoren sa og opp stillinga si etter fire år, men jobba ut 2023. Den nye tilsette som tok over som kontaktperson i Hemsedal, var tidlegare vassområdekoordinator i Glomma-Fjellregionen Vannområde, med Folldal kommune som vertskommune. 2024 har vore eit år med mykje nytt å setje seg inn i. Det har og vore utfordrande å tileigne seg eit heilt nytt fagfelt, samtidig som ein har tatt over rolla som vassområdekoordinator.

Som nemnt har det vore utfordrande med ei 50 % stilling i ein kommune, men dette vil bli betre når me styrkjer kontoret med endå ein stilling.

Stillingane ved kontoret fordeler seg slik pr. 01.01.2025:

50% leiar

280 % saksbehandlar/tilsyn spreidd avløp kap. 12 og 13

50% vassområdekoordinator.

1.2 Lokal forskrift

Dei lokale forskriftene som regulerer arbeidet til KAV – Hallingdal, er vedtekne i alle dei fem kommunane. Nedanfor ligg lenkje til forskrifta for Ål kommune, og tilsvarande forskrifter for dei andre kommunane finn ein om ein søker på Lovdata. Me har som mål å revidere tømmefforskrifta innan neste utlysing for slamtømming, men dette er ikkje prioritert dei kommande åra.

[Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg, Ål kommune, Buskerud](#)

[Forskrift om tømming av avløpsanlegg inkludert tette tankar og bestemmingar om betaling av gebyr, Ål kommune, Buskerud](#)

1.3 Helse, miljø og sikkerheit

Sjukefråværet har gått frå å vera relativt høgt (grunna ein liten avdeling og langtidssjukefråvær) til under 1 % det siste halvåret. Fråværet ved kontoret har i hovudsak vore kortvarig, knytt til dømes forkjøling eller sjukt barn.

I 2024 fekk me gjennomført ei stor mengd tilsyn, og me hadde inga negative hendingar knytt til HMS i felt.

Sidan me delar av året berre var fire tilsette, hadde me ikkje krav om verneombod, og dette vart difor ikkje på plass i 2024. Det vart heller ikkje gjennomført vernerunde for kontoret i løpet av året, men me har hatt intern dialog om dette, HMS er viktig. I januar 2025 fekk me likevel på plass eit verneombod då me blir seks tilsette i løpet av 2025. Dette skal vera ein større del av verksemda i tida framover.

1.4 Kompetanseutvikling

KAV har som mål å ha eit robust fagmiljø. Me ønskjer eit fagmiljø som gjer det interessant å jobbe med dei oppgåvene me har. Det er avgrensa kursmogelegheiter innan spreidd avløp, så me prøver å få med oss det som er relevant og halde oss oppdaterte på nye føringar som kjem.

Kontoret deltek og på fleire arenaer der me held foredrag om arbeidet me gjennomfører. Fleire vurderer å opprette felleskontor i Noreg, men det er framleis få slike i dag. Me deler av vår kunnskap, noko som har ført til at fleire ønskjer å søkje seg hit når me lyser ut stillingar, nettopp for å bli del av eit fagmiljø.

Ved å delta som foredragshaldar får ein og auka eigen kompetanse innan fagområdet, utan at det påverkar økonomien til kontoret, sidan utgifter til seminar og konferansar blir dekte.

Me har vore med på å få i gang **Nettverk for mindre reinseanlegg kap. 12** og **Nettverk for kap. 13-anlegg** nasjonalt. Norsk Vann tok initiativet til dette, men gruppene blir leia av medlemmane i nettverket. Dette er ein svært god arena for å dele kunnskap på tvers av kommunar og sikre meir lik behandling av saker i ulike delar av landet.

KAV – Hallingdal har stor nytte av den faglege oppdateringa desse nettverksmøta gjev. Desse har erstatta fagdagen me tidlegare hadde som mål å gjennomføre. I tillegg skal me bli flinkare til å kalle inn til fellesmøte med Hol kommune for å styrkje samarbeidet om utfordringane me står ovanfor.

1.5 Fokusområde

Status for fokusområda ved årsskiftet

- Førebygge forureining, sikre eit godt vassmiljø og vedtekne miljømål – eit kontinuerleg arbeid.
- Utarbeide handlingsplan for alle kommunane. Som ein del av tilsynsplanen, som er politisk forankra, skal det utarbeidast ein handlingsplan for kva mål kvar enkelt kommune har i 2025. Me vil ta omsyn til storleiken på tilsynsfondet i kvar kommune.
- Oppdatering av Komtek-databasane er eit kontinuerleg arbeid. Her kan ein setje av ledig tid til å oppdatere avløpsanlegg. Jo betre databasen er, jo enklare blir det å utforme til dømes ei ny behovsskildring for slamtømming, samt få oversikt over kvar ein må prioritere opprydding i spreidd avløp.
- Sikre eit robust fagmiljø. Me deltek på relevante arenaer, men innanfor dei budsjetttrammene me har sett. Norsk Vann sine nettverksgrupper blir gjennomførte éin gong i månaden. Dei som har tid, deltek frå kontoret. Dette blir gjennomført digitalt og inneber ingen kostnad. Kurs innan relevante tema blir prioritert for nyttilsette.
- Sakshandsamingsrutinar og malar blir kontinuerleg oppdaterte ved behov. Det skjer mykje innan fagområdet, særleg med revidering av EU-direktivet.
- Sjekklistar for tilsyn og malar for rapportering er på plass, men blir stadig vidareutvikla.
- Oppfølging av kontrakt med slamtømmefirma: Dette går stadig betre, men det har vore mykje nytt å setje seg inn i. Som bindeledd mellom kommunen og renovatøren kjem ein ofte i situasjonar der ein må ta omsyn til begge partane sine behov.

2 Program/digitale verktøy

Kort innføring i dei programma me jobbar mest i, og korleis me synast arbeidet med desse fungera.

2.1 Komtek

Me jobbar kontinuerleg med å oppdatere data i anleggs-basen vår. Det har vore lite informasjon om avløpsanlegga som er etablerte i Hallingdal. Tidlegare har, som nemnt, fysiske tilsyn og dokumenttilsyn vore dei viktigaste bidraga til oppdatering av systemet.

Med den nye slamtømmeordninga, der me fekk inn kravet om bilete før og etter tømning, har me fått eit solid grunnlag for å registrere kva type anlegg som ligg inne i systemet. Likevel gjev ikkje dette tilstrekkeleg informasjon om infiltrasjonsløyningar, fordelingskummar og pumpekummar. Difor er fysiske tilsyn av større område avgjerande for å få heilskapleg kunnskap om anlegga.

2.2 Kommunekart Proff

Me nyttar Kommunekart som kartgrunnlag og har fått lagt inn det kommunale avløpsnettet, eigedomsinformasjon, spreidd avløp og registrerte drikkevasskjelder (Granada). Dette gjer det lettare å navigere mellom kommunane.

I tillegg har me fått integrert alle avløpsanlegg som er registrerte i Komtek inn i Kommunekart Proff. Dette er eit svært nyttig verktøy for å få oversikt over spreidd avløp, då kartløyninga i Komtek har ein svært avgrensa skala som gjer det vanskeleg å sjå større område i samanheng.


Kommunekart Proff er eit verdifullt verktøy der me får god hjelp frå kartansvarlege i kommunane. Her ser me tydeleg korleis eit felles kontor på tvers av kommunane bidreg til betre kunnskap og fagleg utvikling. Me dreg og stor nytte av kartforvaltningskompetansen i Flå kommune.

2.3 Elements

Elements er eit sak- og arkivsystem som er utvikla for å effektivisere saksbehandling og dokumenthandtering. Systemet gir ein enkel og trygg måte å organisere, lagre og finne fram til dokumenter og saksrelaterte opplysningar. Me gjekk frå eit eldre sak- og arkivsystem i 2021 og over til elements. Det har vore ein lang prosess for at dette skal fungere effektivt, men det er no er eit godt hjelpemiddel for saksbehandlinga ved KAV.

2.4 Endringar

Det er få endringar frå i fjor når det gjeld systema me arbeider i, og dei har fungert svært godt



Kommunekart proff, med avløpsanlegg. Eksempelbilde.

3 Tilstand på avløpsanlegg

Avløpsanlegga i Hallingdal har varierende tilstand. Det er over 6000 anlegg, og me reknar med at 30 % krev utskifting av heile anlegget, medan ytterlegare 30 % krev delvis utskifting. Me har som ambisjon at alle anlegg skal vera godkjende og i tråd med dagens forskrift innan 2027, og seinast innan 2033. Dette er eit mål som praktisk kan vera utfordrande å gjennomføre, men det er viktig å ha eit mål å jobbe mot. Målsetjinga er i tråd med føringane frå Miljødirektoratet og er eit av tiltaka for å nå miljømålet.

Det er mange eldre avløpsanlegg i Hallingdal, og kostnaden for å utbetre avløpsanlegga er estimert til rundt 250 millionar. Anleggseigarane sjølve må dekke desse kostnadene. Med behov for stor aktivitet rundt utskifting og oppgradering av anlegg, kan tilgang på prosjekterande og utførande og kapasiteten til desse bli ein flaskehals. Me prøver å leggje opp til fellesanlegg og opprydding i område der det er naturleg å samarbeide.

Bruken av hytter har auka mykje dei siste åra, og fleire avløpsanlegg er underdimensjonerte. Dette kan også skape utfordringar for trygt drikkevatt, særleg i større hyttefelt. Auka bruk vil òg føre til meir belastning på miljøet.

Med bildedokumentasjon frå slamtømmar har me fått eit godt grunnlag for å vurdere tilstanden på anlegga. Det er variasjon frå kommune til kommune. Generelt kan me seie at tilstanden på anlegg til bustader er dårlegare enn me først hadde forutsett. Jobben med opprydding i desse anlegga er omfattande og vil gå over mange år.

4 Målsetting

Her er nokon av måla våre som var sett for 2024, samt status.

4.1 Måla for 2024

- **Områdekartlegging**

Me gjennomførte fleire områdekartleggingar og prioriterte ulike område i kommunane. Med unntak av Flå, var det større område som var målet. Torsbue, Myking og Helsingvatn er eksempel på område me kartla.

- **Førehandsvarsel og pålegg om utbetring, samt oppfølging av tidlegare pålegg**


Me sende ut mange pålegg i 2024, hovudsakleg basert på bilete frå slamtømming. Me ser at det er mange anlegg som ikkje oppfyller dagens krav. Det er viktig å starte med dei mest openbart problema, som for eksempel avløpsanlegg med betongkummar utan botn, der forureina avløpsvatn raskt renn til grunnvatnet utan tilstrekkeleg reinsing.

- **Tilkopling til kommunalt nett**

Me har hatt gjennomgang av alle anlegg som ligg tett på det kommunale nettet, og me har laga soner i Kommunekart som viser kva anlegg me skal vurdere å tilknytte. Kostnaden for tilknytning vil òg ha betydning for avgjerda om anlegget kan koplust på.

Eksempelbilde under: Dei raude prikkane innanfor den gule sirkelen vil vere innanfor det som er ein rimeleg avstand (400 m frå kommunalt nett), jf. uttale frå Statsforvaltaren i tidlegare sak.

Det er òg ulike politiske haldningar til kva det maksimalt kan koste for kvar enkelt eigedom å kople seg til. Utifrå ei samla vurdering vil me vurdere tilknytning eller oppgradering av eksisterande avløpsanlegg



Sunde i Ål kommune

- **Oppdatere heimesida.**

Kontinuerleg arbeid som blir gjennomført ved behov. Me kan på sikt bli flinkare til å få ut informasjon om arbeidet vårt til innbyggjarane. Det er ofte dei store, tunge sakene som kjem i media, medan det daglege arbeidet som innbyggjarane betalar for, ikkje blir like synleg.

- **Tilsyn med kap. 13 anlegg**

I 2024 varsla me om mogleg bruk av tvangsmulkt, bakgrunn i at det var svært mange anlegg som ikkje dokumenterte korleis reinseanlegga fungerte. Jf. kap. 13 er det eit krav for kjemisk-

biologiske reinseanlegg å levere minst 6 eller 12 prøvar, avhengig av storleik. Over tid har me prøvd dialog, men dette har ikkje fungert. Med varselet om tvangsmulkt fekk me endeleg dokumentasjon på plass. Me får no eit betre grunnlag for å vurdere kvar det er mest behov for tilsyn og oppfølging. Vidare vil revideringa av EU-direktivet føre til at me ikkje ønskjer å innføre store endringar for mange anlegg. Dokumentasjon av anlegg og reinsegrad vil vere hovudfokus framover.

- **Tilsetting av ny i stilling for Nesbyen og Flå**

Me fekk på plass ein tilsett i august, men som tidlegare nemnt i rapporten, valte ikkje den tilsette å fortsette etter end prøvetid. Ved oppseiing i prøvetid er oppseiingstida berre 2 veker. Dette førte til at me måtte setje i gang ein ny prosess. Me valte derfor å tilsette 2 nye, for å sikre at dei resterande tilsette får litt mindre arbeidsbelastning, samt at me klarer å følgje opp alle oppgåvene som er lagt til kontoret på ein god måte.

4.2 Måla for 2025

Her kjem ein kort presentasjon av måla me har sett oss i 2025.

- Kap. 13, få inn prøveresultat frå alle avløpsanlegg. Samt følgje opp resultatet frå 2024. Planlegge minst 20 tilsyn med store reinseanlegg
- Kap. 12, ny tilsynsrunde med minireinseanlegg. Følgje opp bilder som kjem inn i kontekst.
- Opplæring av 2 nye tilsette våren 2025.
- Kartlegging og oppfølging av oljeutskiljare
- Sikre at dei gode rutineane som er innarbeida for tilsyn og saksbehandling blir følgt.
- Få oversikt over dei ulike tettbebyggelsene som er i Hallingdal.

5 Slamtømming

Slamtømming blir i dag gjennomført av Telemark Godslinjer (TG). Me har god dialog med TG, som tek seg av vaktordninga og all ekstratømming i Hallingdal, og er no den einaste leverandøren av denne tenesta. KAV tok i 2023 over oppfølginga av slamtømmekontrakt. Overgangen til at TG hadde totalansvaret i Hallingdal har gått greitt, det er god dialog, og saker som oppstår blir teke fortløpande. Som nemnt i årsrapporten frå i fjor, var det noko utfordringar knytt til oppstarten. 2024 gjekk mykje betre, og me har no fått ein god forståing for dei ulike ansvarsområda, og flyten går betre. TG vart også ferdig i betre tid enn året før. Samla sett var 2024 eit svært bra år.

Etterslepet med merknadar, som me nemnte i rapporten i fjor, har me no god kontroll på. Likeins har det nye kravet for slamtømmar om bildedokumentasjon ført til svært mange "merknadar", då bildane kjem inn som avvik/merknad. Me ser igjennom alle bilda og gjer ein rask vurdering av om me utset oppfølging eller om anlegget skal prioriterast i henhold til tilsynsplanen. Med over 3000 tømningar kvart år, vil det naturlegvis vera mykje å gå igjennom. Det er derfor bra å ha ein god plan for kva ein prioriterer.

Tidlegare har det vore ei utfordring knytt til den mobile avvatning som skjer i fleire kommunar. Hovudutfordringa er at tørrstoffprosenten ikkje er høg nok. Dette skapar ein utfordring for slamlaguna som skal ta imot slam for vidare kompostering. Dersom det kjem for mykje vått slam, vil dette skape konflikt med utsleppsløyyet deira. Målet er å finne den beste løysinga for utførande entreprenør, samt renovasjonen som driv laguna. Dette vil vere eit tema før oppstarten i 2025.

6 Tilsyn og søknadsbehandling

Her er tala frå søknader som vart handsama i 2024. I årsrapporten for 2023 nemnte me at det hadde vore stor nedgang i sakene, spesielt med tanke på kva som vart lagt inn i forprosjektet. Me ser no at det byrjar å gå mot fleire søknader, og mykje av dette gjeld rehabilitering av avløpsanlegg. I 2020/21 jobba me litt på vegne av Voss herad. Me fekk på ny førespurnad i 2024 om å hjelpe Voss med saksbehandling av utsleppsløyve. Då dei ikkje hadde prioritert dette det siste året, hadde dei stor restanse på sakene. I løpet av hausten 2024 hjalp me Voss med 85 saker. Me skal også bistå litt inn i 2025.

Kommune	Utsleppssøknad kapittel.12	Utsleppssøknad kapittel 13
Flå	9	
Nesbyen	24	1
Gol	35	
Hemsedal	29	
Ål	37	1
Voss	85	

6.1 Søknadsbehandling

Overgang til nytt sak/arkiv system var krevjande i 2021 og vedvarte med problem inn i 2022 og 2023, men dette gjekk ikkje utover fristen for behandling av søknadar. I 2022 har det totalt sett i Hallingdal halvert seg med talet på søknadar. Det er mindre utbygging av hyttar i 2022 enn tidlegare, spesielt samanlikna med pandemi åra. Avsnittet står frå i fjor, då denne trenden fortsette inn i 2023 og det er ikkje noko som tyder på stor auke i 2024. Det har vore markant nedgang i søknadar for nye hytter, samt at det som blir bygd ligg innanfor etablerte felt. I 2023 kom arbeidet med opprydding i spreidd avløp godt i gang, og dette vil på sikt føre til fleire søknadar. Fristen for dei pålegga som vart gjeve i 2023, går inn i 2025 og me vil på sikt kunne sjå konsekvensen av dette arbeidet.

Avsnittet ovanfor er frå i fjor, dette med bakgrunn i at ein ønskjer å koma med kommentarar på korleis dette no ligg an. Me skreiv den gong at det var lite som tyda på at trenden skulle snu i 2024. Likevel ser me ein stor auke i talet på avløpsanlegg som blir rehabilitert. Dette kan vera ein indirekte konsekvens av at nedgang i hyttebygging, ser entreprenørane mot marknaden for opprydding i spreidd avløp og prioriterer denne type jobbar.

I tillegg nemner me utfordringar knytt til Elements som sak/arkivsystem. Det har vore vesentlege forbetringar i brukargrensesnittet for Elements. Det har vore lite til ingen problem knytt til bruken av systemet. Det går i dag greitt å jobbe i systemet, og det er enklare å finne fram i sakene. Likevel må ein kunne seie at 3 år med feil og manglar er for dårleg.

Oppfølging av ferdigattestar er eit kontinuerleg arbeid. Det er ikkje alltid søkjar får beskjed frå utførande om at etableringa av anlegget er gjennomført. Me har fått gode rutinar på å gå gjennom gamle saker i vinterhalvåret, og me har ikkje mange saker der me manglar ferdigattest for løyver som ikkje lenger er gyldige. Eit løyve er gyldig i 3 år etter det er gjeve. Dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan denne fristen, må eigar få beskjed om dette og søke på nytt.

Manglande ferdigattest fører til at anlegget ikkje blir lagt inn for tømning, og kan på sikt skade anlegget ved at slamflukt oppstår.

7 Tilsyn og kartlegging

7.1 Tilsyn med spreidd avløp

I 2024 hadde me tilsett sumarhjelp for kartlegging og oppfølging av spreidd avløp. Det fungerte veldig bra; her sette kvar tilsett av ei veke for sin kommune og tok med seg sumarhjelpa ut på tilsyn. Me fekk gjennomført fleire dagar i felt og kartla hovudsakleg geografiske område i tråd med [handlingsplanen](#).

Som nemnt tidlegare, blir det teke bilder etter end tømning. Dette dannar hovudgrunnlaget for anlegg som får pålegg. Me ser at det er svært mange anlegg som fremstår som nye i Komtek, men som etter bildane frå tømning viser seg å vere utdaterte løysingar som har behov for utbetring.

Arbeidet med tilsynsplanen vart slutført tidleg i 2023 og vart politisk forankra på våren i alle kommunane. Dette er eit styringsverktøy som skal nyttast for å definere korleis me skal arbeide framover. I tillegg blir det laga ein handlingsplan for kvar enkelt kommune for tilsyn sesongen.

Det ble også i 2024 gjennomført tilsyn med ein del kommunale avløpsanlegg. Dette har resultert i pålegg om utbetring av kommunale avløpsanlegg. Ofte knytt til kommunale bustadhus.

7.2 Bakgrunn for tilsyn og kartlegging

- Slammtømmemerknader
Bildene teken etter endt tømning har stor verdi for oppryddingsarbeidet.
- Resipientvurderingar
Område med moderat eller negativ trend blir prioritert.
- Opprydding i spreidd avløp
Arbeidet er no godt i gong, og det vil bli gjeve mange pålegg i dei kommande åra.
- Melding frå publikum om anlegg som er dårlege

8 Budsjett og rekneskap

I 2024 har me fått god oversikt over rekneskap, fond og tidsbruk for våre sjølvkostområdar. Me har nytta Momentum, eit firma som har spesialisert seg på sjølvkost, for hjelp med berekningane fram til no. Me valde å avslutte samarbeidet med dei hausten 2024, dels på grunn av kostnadene knytt til tenesta, og fordi me no har god oversikt sjølv over korleis me ligg an. Lønn er vår største utgift, og me klarer dermed å berekne fond og fastsette gebyr på eigenhand. Dette skapar noko meir arbeid for avdelingsleiar, men sparar oss samtidig mykje pengar.

8.1 Gebyrsatsar

	Tekst	2023	2024	2025
a	Timepris kontor	1100	750	800
b	Timepris felt	1100	750	800
c	Tilsyn av små avløpsanlegg < 50 personekvivalenter (pe), kap 12 pris årleg gebyr	500	350	375
d	Tilsyn av større private avløpsanlegg 50-2000 pe, kap 13 pris årleg gebyr	medgått tid	Sjå eigen tabell	
e	Tilsyn oljeutskillere	medgått tid	medgått tid	
f	Saksbehandling VA-plan	medgått tid	inkludert i bygge-utsleppsak	
g	Saksbehandlingsgebyr for behandling av utslippssøknad <50 pe	8500	4500	4800
h	saksbehandlingsgebyr for behandling av utslippssøknad 50-2000 pe	medgått tid		

Gebyr sats for kap. 13:

Gebyr	tal på PE
2750	50-100
4250	100-250
7350	250-500
10000	500-1000
12000	1000-1500
16000	1500-2000

8.2 Budsjett og rekneskap 2024

Ansvar	Art	Regnskap	Budsjett
8680	10100 Fast løn	2 435 711	2 690 000
8680	10500 Anna løn og trekkpliktige godtgjeringar	300	0
8680	10509 Løn, overskot på godtgjersle	1 811	0
8680	10510 Trekkpliktig tenestetelefon	8 784	6 000
8680	10599 Motpost skattepliktig fordel	-13 477	0
8680	10900 Pensjonsinnskot KLP	397 409	484 000
8680	10902 Forsikringar, kollektive	4 693	4 000
8680	10990 Arbeidsgjevaravgift	303 254	336 000
8680	11150 Matvarer (bevertning)	5 576	0
8680	11200 Arbeidstøy, renholds- og renovasjonsartiklar, verneutstyr	6 847	5 000
8680	11202 Velferdstiltak tilsette	1 480	1 000
8680	11209 Anna forbruksmateriell/råvarer/teneste/anna materiell	2 139	11 000
8680	11300 Porto, telefoni, datakommunikasjon, bank- og datatenester	8 669	15 000
8680	11400 Informasjon, annonsering, reklame og profilering	21 740	0
8680	11500 Opplæring	42 346	50 000
8680	11501 Reise/overnatting opplæring, ikke oppgavepliktig	1 794	0
8680	11600 Skyss- og kostgodtgjersle	7 980	2 000
8680	11700 Transport og reise	5 609	0
8680	11709 Andre driftsutgifter transportmidlar/maskiner	8 803	4 000
8680	11900 Husleige, leige av lokaler	84 250	89 000
8680	11950 Kontingenter, lisensavgifter, gebyr o.l.	21 200	30 000
8680	12000 Inventar, kontormaskiner, IT-utstyr, anna utstyr m.m.	20 728	20 000
8680	12100 Kjøp, leige og leasing av transportmidler	76 539	105 000
8680	12200 Kjøp, leige og leasing av maskiner	4 696	0
8680	12401 Reparasjoner, drifts- og anleggsmiddel	608	0
8680	12600 Renholdstenester	24 575	30 000
8680	12700 Andre tenester	107 607	0
8680	13700 Kjøp frå andre	7 290	0
8680	14290 Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen	79 443	0
8680	14700 Overføringar til andre	1 362	0
8680	16200 Avgiftsfritt sal av varer og tenester	-892 897	-700 000
8680	17100 Sjukelønnsrefusjonar	-37 708	0
8680	17290 Kompensasjon for merverdiavgift	-79 443	0
8680	17500 Refusjon frå kommunar	-2 546 856	-2 400 000
8680	17700 Tilskot frå private	-58 500	0
8680	19500 Bruk av bundne fond	-64 362	-100 000

8.3 Budsjett 2025

Budsjettet for 2025 er utarbeidd. Me får stadig betre grunnlag for og kunne fastsette gebyr for kontoret. Det har vore ein jobb og finne ut kor mykje tid me nyttar på dei ulike sjølvkostområda. Dette begynnar å bli meir tydeleg, og gebyra vil dermed bli meir riktige. Då budsjett ble utarbeid, hadde me ikkje landa på om me skulle tilsette 1 eller 2, dermed kan me gå noko i underskot på løn. Likeins har me stort positivt fond knytt til sjølvkost. Konsekvensen blir at me tek meir av fondet.

Ansvar	Art		Budsjett
8680	10100	Fast løn	2 989 880
8680	10510	Trekkpliktig tenestetelefon	9 000
8680	10599	Motpost skattepliktig fordel	0
8680	10900	Pensjonsinnskot KLP	538 168
8680	10902	Forsikringar, kollektive	6 000
8680	10990	Arbeidsgjevaravgift	373 472
8680	11200	Arbeidstøy, renholds- og renovasjonsartiklar, verneutstyr	10 000
8680	11202	Velferdstiltak tilsette	2 000
8680	11209	Anna forbruksmaterieil/råvarer/teneste/anna materieil	12 500
8680	11300	Porto, telefoni, datakommunikasjon, bank- og datatenester	15 000
8680	11400	Informasjon, annonsering, reklame og profilering	10 000
8680	11500	Opplæring	65 000
8680	11600	Skyss- og kostgodtgjersle	5 000
8680	11700	Transport og reise	4 000
8680	11709	Andre driftsutgifter transportmidlar/maskiner	30 000
8680	11900	Husleige, leige av lokaler	95 000
8680	11950	Kontingenter, lisensavgifter, gebyr o.l.	30 000
8680	12000	Inventar, kontormaskiner, IT-utstyr, anna utstyr m.m.	20 000
8680	12100	Kjøp, leige og leasing av transportmidler	100 000
8680	12200	Kjøp, leige og leasing av maskiner	7 000
8680	12600	Renholdstenester	40 000
8680	12700	Andre tenester	100 000
8680	13700	Kjøp frå andre	30 000
8680	14290	Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen	200 000
8680	16200	Avgiftsfritt sal av varer og tenester	-750 000
8680	17290	Kompensasjon for merverdiavgift	-200 000
8680	17500	Refusjon frå kommunar	-2 600 000

8.4 Fondsoversikt

For å ha oversikt over inntening av gebyr/sjølvkost fører me timar i kvar enkelt kommune jf. sjølvkost.

Me har som nemnt ovom fram til no nytta Momentum som støtte for sikre at me jobbar i tråd med sjølvkostreglane. Me ser no at dette er ein jobb me kan klare sjølv framover og med bakgrunn i dette avslutta samarbeide med Momentum.

8.4.1 Saksbehandling

Med bakgrunn i at tilsette har fått meir erfaring, har timebruken på utsleppsløyve gått ned, og me kan dermed redusere gebyret. Me ser og at den nye måten å føre sjølvkost for saksbehandling på viser at me over tid har ligge noko høgt i pris på saksbehandlingstid. Dette kan likeins endrast når me byrjar å føre tilsyn etter plan- og bygningslova i større omfang.

Talet på søknadar vil auke i takt med at me gjev pålegg om utbetring av anlegg. Det er dermed positivt for innbyggjarane at me klarar å halde gebyret så lågt som mogeleg.

Me ser at fondet for saksbehandling var nokså uendra. På bakgrunn av dette har me for 2025 indeksregulert gebyret, då me har som mål å føre meir tilsyn etter PBL. Ved å indeksregulere gebyret klarar me å oppnå ein jamn reduksjon av fondet over tid, utan store svingingar.

Fondet for saksbehandling var i 2024 på 790 325 kr, medan det i 2025 er på 785 828,56 kr.

8.4.2 Tilsyn

Me har som mål å halde gebyra like i alle kommunane. Me ser at fondet i enkelte kommunar er noko høgt, og når me får på plass nye tilsette, skal me prioritere meir arbeid i desse kommunane. Me styrer timebruken vår ut frå storleiken på fondet.

Me indeksregulerte gebyret for tilsyn, med bakgrunn i at me hadde noko reduksjon i fondet. Likeins er det totalt sett lite nedgang i fondet.

Fondet har gått ned med ca. 840 000 kr. Dette skuldast hovudsakeleg at me i 2024 kjøpte ut bilane som har vore på leasingavtale fram til hausten 2024. Dette var ein samla investering på 658 000 kr, som blei teken frå sjølvkostfondet. Kostnaden for bil blir fordelt på dei ulike fonda ut frå ein fordelingsnøkkel som blir nytta for andre fellesutgifter.

Vedlagt ligg sjølvkostfondet per 01.01.2025. Sidan me ikkje lenger nyttar Momentum, legg eg ved både deira kalkulasjon og den KAV har laga no, for å kunne vise at fonda nyttar same utgangspunkt for vidare fordeling.

Fondsoversikt	2023	2023	2023	2023	2023	2023
	Etterkalkyle selvkost Saksbehandling felles	Etterkalkyle tilsyn selvkost Nesbyen	Etterkalkyle tilsyn selvkost Flå	Etterkalkyle tilsyn selvkost Hemsedal	Etterkalkyle tilsyn selvkost Gol	Etterkalkyle tilsyn selvkost Ål
Timer	712:18:00	553:45:59	381:18:57	593:21:28	1192:08:58	1111:40:39
16210 Gebyrinntekt saksbehandling felles						
17*** Refusjoner	69 716	58 715	39 286	61 131	122 823	114 532
Driftsinntekter	773 891	551 465	249 286	707 131	812 823	925 032
10*** Lønn	490 853	413 393	276 598	430 409	864 760	806 388
11*** Varer og tjenester	29 579	26 789	17 478	28 427	54 771	51 718
12*** Varer og tjenester	15 387	31 191	16 533	37 677	52 940	55 622
13*** Tjenester som erstatter kommunal tjenesteprod.	0	0	0	0	0	0
Direkte driftsutgifter	535 819	471 373	310 609	496 514	972 472	913 728
Direkte kapitalkostnader	0	0	0	0	0	0
Indirekte kostnader	0	0	0	0	0	0
Driftskostnader	535 819	471 373	310 609	496 514	972 472	913 728
+/- Bruk av/avsetning til bundne fond	0	0	0	0	0	0
+/- Overstyring bruk av/avsetning til selvkostfond						
Samlet selvkost (Gebyrgrunnlag)	466 103	412 659	271 323	435 383	849 649	799 196
Resultat	238 072	80 091	-61 323	210 617	-159 649	11 304
Selvkostgrad (%)	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Selvkostfond 01.01	524 602	297 575	79 037	411 546	314 787	789 945
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	238 072	80 091	-61 323	210 617	-159 649	11 304
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	27 651	14 504	2 078	22 204	10 094	34 179
Selvkostfond 31.12	790 325	392 170	19 792	644 368	165 232	835 428

Figur 1 Sjølvkost fond 2023/2024

	Tilsyn, veiledning, oppfølging etter kap. 12, 13 og 15						
	Ål	Gol	Hemsed.	Nesb.	Flå	kap. 13	Felles
timebruk	828:51:00	966:01:00	681:00:00	661:16:00	228:45:00	997:30:00	224:50:00
kostnad	kr 459 472,62	kr 535 510,90	kr 377 512,04	kr 366 572,88	kr 126 807,46	kr 552 963,68	kr 124 636,26
Tidsbruk pr. kommune i %	14,63	16,69	12,41	12,11	5,62	17,16	3,37
Antall anlegg/Saker	1621	1326	1296	986	417	110	
prosentfordeling	28,16	23,04	22,52	17,13	7,24	1,91	100,00
Fond frå i fjor	kr 835 428,00	kr 165 232,00	kr 644 368,00	kr 392 170,00	kr 19 762,00	kr 93 759,41	
fakturert	kr 567 350	kr 438 341	kr 453 600	kr 345 100	kr 145 950	kr 444 000,00	
fond i kvar kommune	kr 705 541,46	-kr 121 062,09	kr 535 610,60	kr 230 066,32	-kr 20 571,16	-kr 30 893,30	
Fellespott	kr 231 199,32	kr 189 124,18	kr 184 845,35	kr 140 630,80	kr 59 475,70	kr 15 689,03	820964,40
Total kostnad	kr 690 671,94	kr 724 635,09	kr 562 357,40	kr 507 203,68	kr 186 283,16	kr 568 652,71	

Figur 2 Fond tilsyn 2024/2025

	Saksbehandling av søknader av kap. 12, 13 og 15-anlegg					
Saksbehandling	Ål2	Gol3	Hemsed.4	Nesb.5	Flå6	Vos
1009:50:00	322:38:00	210:18:00	175:48:00	170:18:00	130:48:00	
kr 559 800,65	kr 178 851,64	kr 116 579,71	kr 97 454,65	kr 94 405,73	kr 72 508,92	
25,54	6,92	5,23	4,71	4,63	4,04	
136	38	35	29	25	9	
100,00	27,94	25,74	21,32	18,38	6,62	
kr 790 324,00	kr 414 313,00	kr 275 180,00	kr 187 914,00	-kr 111 547,00	kr 24 464,00	
kr 765 000	kr 211 750	kr 135 000	kr 155 000	kr 130 375	kr 35 125	
kr 785 828,56	kr 408 170,17	kr 259 184,72	kr 220 295,02	-kr 94 574,56	-kr 7 246,78	
209694,79	kr 58 591,19	kr 53 965,57	kr 44 714,33	kr 38 546,84	kr 13 876,86	
kr 769 495,44	kr 237 442,83	kr 170 545,28	kr 142 168,98	kr 132 952,56	kr 86 385,78	

Figur 3 Fond saksbehandling 2024/2025

8.5 Faktura

Med det nye sak/arkiv systemet kom det også inn ein modul for fakturering. Det gjer det mogeleg for KAV sine tilsette og lage fakturagrunnlag direkte i Elements, på denne måten blir det mindre arbeid for sekretariatet i kvar kommune, og det gjer det likt i alle kommunar. Likeins er ikkje dette ført inn i Gol kommune. Det er eit ønskje om at dette kjem på plass i alle kommunane.

9 Informasjon

Eit mål for KAV er å sikre god informasjonsflyt til publikum. Me jobbar kontinuerleg for å halde heimesida oppdatert. Det skal og no vere lenkje til alle kommunane sine nettsider og til KAV si heimeside.

Likeins er det eit ønskje på sikt å bli endå meir synleg, slik at innbyggjarane får betre forståing for arbeidet som blir gjennomført. Dette arbeidet er finansiert gjennom årleg gebyr for dei som har private avløpsanlegg.

9.1 Varsel og rapportering

I 2023 vart det gjennomført ein del uvarsla tilsyn og kartlegging. Dette var fordi me førte tilsyn med geografiske område og med anlegg som ikkje nødvendigvis var øydelagde eller hadde merknadar. Når det er mange anlegg i eit område, vil det vera tidkrevjande å varsle alle. Områdetilsyna er ofte knytte til fritidsbustadar, og det er liten aktivitet i mange av desse områda om sumaren.

Dette arbeidet har og fungert bra i 2024, og me kjem til å fortsetje praksisen med uvarsla tilsyn der me gjennomfører geografiske tilsyn. Likeins skal me sikre at kommunen nyttar sine informasjonsplattformer til å sende ut informasjon i forkant av tilsyn.

Varsla tilsyn blir nytta der me ønskjer at eigaren skal vera til stades, eller når det er eit konkret anlegg me skal føre tilsyn med. Kap. 13-anlegg blir alltid varsla før tilsyn, då slike anlegg ofte er innandørs og låste.

For område der me ser at ei felles løysing er tenleg, vil me sende ut felles rapport til alle eigarane. Dette for å sikre lik informasjon, samt at det kan vera enklare å opprette dialog når ein ser at naboene òg har fått same pålegg.

10 Oppsummering

Bemanning og utfordringar

I 2024 var det utfordringar med tilsetting i Nesbyen og Flå grunna pensjon/tilsetting. To nye tilsette skal starte i mai 2025 for å redusere arbeidsbelastninga. Vassområdekoordinatoren slutta i 2023, men me hadde allereie på plass tilsett som tok over frå 2024.

Tilsyn og søknadsbehandling

Områdekartlegging: Fleire område vart kartlagde, spesielt i fritidsbustadområde.

Søknadsbehandling: Nedgang i søknadar dei siste åra, men auke i 2024, hovudsakleg knytt til rehabilitering av avløpsanlegg.

Tvangsmulkt for kap. 13-anlegg: Mange anlegg mangla dokumentasjon, men varsel om tvangsmulkt førte til betring.

Tilkopling til kommunalt nett: Arbeid med å identifisere eigedomar som kan knytast til kommunale avløpsnett.

Tilstand og målsetting for avløpsanlegg

Hallingdal har over 6000 avløpsanlegg. Rundt 30 % av desse må skiftast ut, medan ytterlegare 30 % treng oppgradering.

Målet er at alle anlegg skal vere godkjende etter dagens forskrifter innan 2027, og seinast innan 2033.

Kostnad for utbetring er estimert til 250 millionar kroner, der eigarane sjølve må dekke utgiftene.

Slamtømming

Telemark Godslinjer (TG) er einaste leverandør av slamtømming og har ansvaret for vaktordning og ekstratømming.

Overgangen til TG som totalleverandør har fungert bra, men det var nokre oppstartutfordringar i 2023.

Billedokumentasjon frå slamtømming har gitt betre oversikt over tilstanden til anlegga.

Budsjett og rekneskap

KAV avslutta samarbeidet med Momentum for sjølvkostberekningar og har no full kontroll på eigne fond og gebyr.

Justering av gebyr for å sikre rettvis fordeling mellom kommunane og finansiering av sjølvkostområdet.

Fond for saksbehandling og tilsyn vart redusert med 840 000 kr, hovudsakleg grunna kjøp av bilar tidlegare leigd gjennom leasingavtale.

Prioriterte oppgåver for 2025

Få inn prøveresultat frå alle kap. 13-anlegg og gjennomføre minst 20 tilsyn med store reinseanlegg.

Ny tilsynsrunde med minireinseanlegg og oppfølging av billedokumentasjon frå slamtømming.

Opplæring av nye tilsette og vidareføring av kartlegging av oljeutskiljarar.

Vidareføring av oppdatering i Komtek og auka fokus på informasjon til innbyggjarane.

11 Sluttcommentar

2024 har vore eit år prega av stabil drift, men og utfordringar knytt til rekruttering og arbeidskapasitet. Mangelen på kontinuitet i Nesbyen og Flå har gjort at me har måtta om fordele ressursar, men med nye tilsette på plass i 2025, vil dette gi betre arbeidsflyt og kapasitet i heile regionen. Tilrettelegging for opprydding i spreidd avløp er ein tidkrevjande prosess, men politisk forankring av tilsynsplanen har gitt KAV betre rammer for å gjennomføre dette arbeidet effektivt.

Tilsyn og sakshandsaming har vore eit sentralt fokusområde i 2024. Me ser ein auke i rehabilitering av eldre avløpsanlegg, noko som sannsynlegvis kjem av at entreprenørar flyttar fokus frå nybygg til rehabilitering. Dette er ei positiv utvikling, då det vil bidra til raskare opprydding av spreidd avløp. Samtidig har me teke i bruk bildedokumentasjon frå slamtømming som eit verktøy for å prioritere tilsyn, noko som har effektivisert arbeidet.

Slamtømmeordninga har vore i stabil drift etter nokre utfordringar ved oppstarten med Telemark Godslinjer som totalleverandør. Me har no fått gode rutinar for oppfølging av slamtømming, og systema me brukar til å registrere anleggstilstand blir stadig meir presise. Likevel ser me framleis utfordringar knytt til mobile avvatning-løysingar og tørrstoffprosent i slam, noko som kan skape problem for vidare behandling og kompostering.

Budsjett og rekneskap viser at KAV har fått betre kontroll over sjølvkostområda. Med avviklinga av Momentum-samarbeidet står me no sterkare i arbeidet med å forvalte fond og fastsetje gebyr sjølv. Likevel er det viktig at me opprettheld ei balansert økonomisk styring for å unngå store svingingar i gebyr eller fondsnivå.

I 2025 vil opplæring av nye tilsette, vidare kartlegging av oljeutskiljarar og oppfølging av tilsyn stå sentralt. Arbeidet med å sikre ein meir systematisk oversikt over dei ulike tettstadene i Hallingdal vil og gi eit viktig grunnlag for framtidig avløpsplanlegging. Me vil halde fram med å prioritere rehabilitering av spreidd avløp og jobbe for at entreprenørar og røyrleggjarar ser verdien av å gå inn på denne marknaden.

Samstundes er det eit kontinuerleg mål å synleggjere arbeidet KAV gjer. Mange innbyggjarar veit lite om kvifor dei betalar gebyr, eller kva tiltak som faktisk blir gjennomførte for å sikre betre vasskvalitet og miljø. Me vil derfor jobbe for å forbetre informasjonsflyten, slik at publikum får betre innsyn i arbeidet og forstår verdien av dei tiltaka som blir gjennomførte.

Alt i alt har 2024 vore eit produktivt år, trass i enkelte utfordringar. Med forsterka bemanning, betre tilsynsstruktur og ein stadig meir presis sjølvkostmodell, ser me fram mot eit 2025 der KAV står endå sterkare rusta til å levere gode tenester til kommunane og innbyggjarane i Hallingdal.

Ål 03.03.2025

Glen Arvid Valstad

Avdelingsleiar for KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning Hallingdal